

## 1,3 milliardar kroner til forskingsinfrastruktur

28 store prosjekt får no pengar til nye og oppdaterte laboratorium, utstyr, databasar og anna forskingsinfrastruktur. Dette vil komme forskings- og innovasjonsmiljø over heile landet til gode.

PUBLISERT 26. SEP. 2024 | OPPDATERT 5. NOV. 2024

### Lang vegg med digitale skjermer og teksten Betzy på

– No styrker vi infrastrukturen for forskning over heile landet. Denne milliardtildelinga er avgjerande for å at Noreg skal lykkast med omstilling, nyskaping og innovasjon. Sterk og moderne infrastruktur er ein stadig viktigare føresetnad for at norske forskings- og innovasjonsmiljø skal hevde seg i den internasjonale konkurransen, seier forskings- og høgare utdanningsminister Oddmund Hoel

Til saman skal Forskningsrådet fordele 1,3 milliardar kroner. Dei har innvilga 20 prosjekt som skal etablere ny eller oppgradere etablert forskingsinfrastruktur. I tillegg får åtte forprosjekt midlar til å planlegge ny infrastruktur.

– Norske forskingsmiljø, både i akademia og næringslivet, får på denne måten høve til å flytte forskingsfronten og styrkje konkurransekrafta med tilgang til dei beste laboratoria, utstyra og databasane. Vi er veldig glade for no å kunne setje desse pengane i arbeid, seier administrerande direktør i Forskningsrådet Mari Sundli Tveit.

### Pengar til utstyr for hjerneforskning, utvikling av medisinar, tungrekning og vindkraft

Det er stort spenn i prosjekta som no får pengar, her er nokre eksempel:

**NTNU og Kavli-instituttet** skal forbetre og utvikle deira leiande nevrovitskapelege teknologi og utstyr.

Infrastrukturen blei etablert i 2012 og har blitt forbetra med jamne mellomrom. Han er unik både i Europa og i Noreg, og investeringane over tid har bidratt til høg vitskapeleg kvalitet og ein Nobelpris i 2014. No trengst oppgradering for å framleis kunne presse dei vitskapelege grensene og halde fram arbeidet med å omsetje nye funn til klinisk bruk. Nytt er mellom anna tenester for nevrovitskapeleg datadeling, som vil kople den norske infrastrukturen for hjerne- og hjernerelatert forskning til den europeiske.

**Oslo universitetssjukehus** skal investere i ny infrastruktur for å utvikle medisinar basert på gen, vev eller celler.

Dette er eit felt der Noreg har eit svært sterkt fagmiljø, men no trengs investeringar for å sikre at vi framleis kan ligge i front. Infrastrukturen skal gi akademia og industri tilgang til avanserte fasilitetar for å utvikle og produsere nye medisinar. Dette skal bidra til å skape betre samsvar mellom behova i forskning, næringsliv og helsetenestene.

**Sigma2** får støtte for å vidareutvikle sine tenester innanfor e-infrastruktur. Dei er ein nasjonal og generisk leverandør av tungrekning, arkivering og lagring, inkludert sensitiv data, med brei nasjonal interesse. Sigma2 sine tenester er avgjerande for all anna forskingsinfrastruktur i Noreg. Dei samarbeider tett med dei fire største universiteta i Noreg. Sigma2 har ansvaret for å skaffe, drifte og utvikle den nasjonale infrastrukturen. Dei er òg sentrale i det internasjonale samarbeidet om tungrekneressursar.

**Norges geotekniske institutt** får støtte til infrastruktur for å fundamentere botnfaste og flytande vindturbinar, i tillegg til infrastruktur knytt til å samle inn data og gjere dei tilgjengelege. Dette er viktig for å lykkast med dei nasjonale ambisjonane om rask realisering av havvind. Det finst i dag ingen forskingsinfrastruktur på vind. Dette trengs – vindkraft er eit av de høgast politiske prioriterte områda innanfor norsk energiforskning. Å overvinne geotekniske og miljømessige utfordringar er avgjerande for å møte strenge kriterium for tryggleik, kostnadseffektivitet, berekraft og pålitelegheit.

### Slik er søknadene behandla

Forskningsrådet lyser ut [midlar til forskingsinfrastruktur](#) annakvart år.

I første runde av søknadsbehandlingen vurderer internasjonale fagekspertar i kva grad forskingsinfrastrukturane kan bidra til forskning av høg vitenskapleg kvalitet. Vurderinga til fagekspertane er rådgivande for Forskningsrådets vidare behandling av søknadene.

I andre runde vurderer Forskningsrådets administrasjon den nasjonale betydninga av infrastrukturane slik ho er definert i områdestrategiane i Norsk vegkart for forskingsinfrastruktur og kva for ein strategisk relevans infrastrukturane har ut frå norske forskingsprioriteringar.

Innstillinga blir lagd fram for Forskningsrådets porteføljestyre for forskningssystemet. Dei kvalitetssikrar søknadsbehandlingen og vedtek tildelinga.

– Prosjekta som no får støtte har fått omfattande vurdering av internasjonale fagekspertar. Prosessen er grundig gjennomgått av eit svært kompetent porteføljestyret. Vi er svært nøgde med at så mange gode infrastrukturar med stort strategisk potensial for norsk forskning no får finansiering frå Forskningsrådet, seier Sven Stafstrøm i porteføljestyret for forskningssystemet. Stafstrøm har lang erfaring frå feltet mellom anna som tidlegare generalsdirektør av Vetenskapsrådet i Sverige.

## Prosjekt som blir inviterte til forhandlingar

Legg merke til at vi berre opplyser om beløpet kvart enkelt prosjekt har søkt om. Endeleg tildelt beløp blir avgjort i forhandlingar mellom Forskningsrådet og kvart enkelt konsortium, og vil i dei fleste tilfelle vere lågare enn beløpet det er søkt om.

### Søknader som gjeld etablering/oppgradering av forskingsinfrastrukturar

Prosjekt	Søklarinstusjonar	Søkt beløp
Norwegian Plant Phenotyping Platform (PheNo)	<b>NMBU</b> , UiO, UiT, NIBIO, NTNU	83 134
ELIXIR4 - OpenLifeScience - Enabling Open Life Science in Norway	<b>UiB</b> , Veterinærinstitutt, UiO, UiT, NMBU, NTNU, FHI	125 481
E-INFRA 2023 - A National e-infrastructure for Science*	<b>SIGMA2 AS</b> , NTNU, UiB, UiO, UiT	199 740
Norwegian Infrastructure Platform for Foundation Technology Research in Offshore Wind	<b>NGI</b> , AKVAPLAN-NIVA AS, OSLOMET, MARIN ENERGI TESTSENTER AS, NIVA, NTNU	89 556
ECCSEL-Enhancing Norwegian Capabilities	<b>SINTEF Energi AS</b> , IFE, STIFTELSEN NORSAR, ECCSEL EUROPEAN RI CONSORTIUM, SINTEF AS, NTNU	113 475
Sustainable Processes Advancement from Norwegian Research: an integral Bio-, Thermo-, Electro- chemical effort (SUPRANO)	<b>SINTEF AS</b> , RISE PFI AS, SINTEF ENERGI AS, NMBU, NTNU, NIBIO	49 704
Sustainable Transition for the Norwegian Infrastructure for Multiphase Flow	<b>IFE</b>	13 069
EPOS-Norway – Research Infrastructure for Geohazards	<b>UiB</b> , UiT, NGU, NORSAR, NGI, NORCE	123 244
ATMP Norway. A multi-nodal infrastructure for Advanced Therapy Medicinal Products in	<b>OUS</b> , HELSE BERGEN HF, UiO	74 218

## Norway

Norwegian Brain Initiative (NORBRAIN) – a large-scale infrastructure for 21st century neuroscience: Stage 4	<b>NTNU</b> , UiO, UiB	104 636
Norwegian research infrastructure for web data	<b>NB</b> , UiO, UiT, NR	28 691
Norwegian diachronic corpus 200–1814	<b>UiO</b> , HØGSKOLEN I ØSTFOLD, UiB, NTNU	22 900
Infrastructure for Norwegian Earth System modelling phase 2 (INES2)	<b>NORCE</b> , CICERO, MET.NO, NERSC, UiB, NILU, UiO	128 129
NORMAR-II Upgrade of the Ægir 6000 ROV-system	<b>UiB</b> , HI	67 157
Integrated Carbon Observation System (ICOS) Norway and Ocean Thematic Centre (OTC), phase 3	<b>NORCE</b> , NILU, NIBIO, NIVA, UiB, NPI, CICERO	153 676
The Norwegian Micro- and Nanofabrication Facility IV	<b>NTNU</b> , USN, SINTEF AS, SINTEF DIGITAL, UiO	191 700
Swiss-Norwegian Beamlines (SNBL) at ESRF 2025-2028	<b>NTNU</b> , UiB, UiO, IFE, UiS	64 521
NcNeutron-2 Norwegian Center for Neutron Research - phase 2	<b>IFE</b> , UiO, NTNU, Paul Scherrer Institut, UiS, STIFTELSEN SINTEF	33 500
Norwegian Open Laboratory for High-Throughput Experimentation and Scale-up	<b>UiB</b> , NTNU	96 362
Coordinated Online Panels for Research on Democracy and Governance	<b>UiB</b> , NTNU, UiA, SIKT, UiS, INSTITUTT FOR SAMFUNNSFORSKNING, UiO, UiT, NORCE, OSLOMET	58 595

\*Inkluderer midler til nordisk Tier-1 for 2025

## Søknader som gjelder forprosjekt

<b>Forprosjekt</b>	<b>Søklarinstusjonar</b>	<b>Søkt beløp</b>
National proton therapy research infrastructure	<b>OUS</b> , UiT, UiB, HVL, Helse Bergen, NTNU	2 000
Pre-Project for a National Rock Art Research Infrastructure (ImAge)	<b>UiB-museet</b> , NTNU, UiS, UiO, VERDENSARVSENTER FOR BERGKUNST- ALTA MUSEUM IKS	2 000
Infrastructure for Sámi metadata enrichment and access to Sámi photographs and audiovisual collections	<b>Arkiverket</b> , NB	2 000
Membrane Centre for Sustainable Water	<b>NMBU</b> , NASJONALT SENTER FOR VANNINFRASTRUKTUR AS, NIVA, SINTEF AS, AQUATEAM COWI AS, NTNU	1 800
ESSENTIAL minerals and metals for sustainable and circular growth	<b>IFE</b> , UiS, NMBU	2 000

Learning Analytics Infrastructure: Infrastructure for data-driven research and practice in higher education and workplace learning	<b>UiO</b> , NTNU, UiB	2 000
Growing Up in Digital Europe – preparation in Norway (GUIDEPREP-NOR)	<b>NTNU</b> , Dronning Mauds minne høyskole for barnehagelærerutdanning, UiS, FHI, UiB, Regionsenter for barn og unges psykiske helse, NTNU samfunnsforskning AS, Inst. For samfunnsforskning	2 000
Research infrastructure for technology-supported crisis management	<b>UiA</b> , HINN, USN, NORD Universitet	2 000

### Rangert reserveliste

Prosjekt	Søkjearrangementer	Søkt beløp
A Norwegian Argo Infrastructure - a contribution to the European and global Argo infrastructure (NorArgo3)	<b>HI</b> , NORCE, AKVAPLAN-NIVA AS, MET.NO, UiB, NERSC	90 510
National network for Advanced Proteomics Infrastructure phase 2	<b>UiO</b> , NTNU, UiB, UiT, NMBU, OUS	85 000
National Laboratories for Reservoir and Geoenergy Research	<b>NORCE</b> , UiB, UiS, IFE	122 955
Aquafeed Technology Centre Phase II	<b>NOFIMA</b> , UiB, NORCE	76 681
Integrated fjord and ocean full-scale laboratories	<b>NTNU</b> , SINTEF AS, SINTEF DIGITAL, SINTEF OCEAN AS, UiT	65 307
G3 2.0 - Empowering the Energy Transition through Enhanced Subsurface Imaging	<b>UiT</b> , VOLCANIC BASIN ENERGY RESEARCH AS, NGU, UiB, UiO	21 274

Meldinger ved utskriftstidspunkt 10. april 2025, kl. 07.56 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.